

## Forespørsel om deltaking i forskingsprosjektet

### *”Dagtilbod under lupen”*

#### **Bakgrunn og formål**

Dette forskingsprosjektet er eit ledd i masterstudiet i Funksjonshemming og deltagelse ved Høgskolen i Harstad. I denne undersøkinga har eg ønskje om å forske på tilsette sine opplevingar og erfaringar med dagtilbod til vaksne med utviklingshemming. Eg ønskjer å finne ut av kva forhold tilsette opplever har betydning for brukarar sitt dagtilbod. På grunnlag av tilsette sine skildringane ønskjer eg å bidra til større forståing når det kjem til forhold som er viktig for dagtilbod til vaksne med utviklingshemming. Eg vonar undersøkinga kan opne for nye tankar og ny forståing rundt temaet.

#### **Problemstilling:**

*Kva forhold opplever tilsette ved dagsentera er viktige, for at eit dagtilbod skal vere tilpassa vaksne med utviklingshemming sine egne ønskjer og behov?*

Med tilsette meiner eg i denne samanhengen tenesteytarar som er ein del av grunnbemanninga i samband med eit dagtilbod, ikkje følgjepersoner. Med dagtilbod meiner eg tiltak og tenester som vert gitt på dagtid, utanfor heimen, som fell utanfor NAV sitt ansvarsområde. Dagtilbodet treng ikkje til ei kvar tid å gå føre seg på eit dagsenter, om det vert organisert og administrert derifrå.

Eg ønskjer å komme i kontakt med tilsette som arbeider ved dagsenter som på ein eller annan måte peikar seg ut, gjerne ved å gjere ting på heilt andre eller nye måtar, men der brukarane sine individuelle ønskjer og behov står i fokus. Eg har teke kontakt med fagmiljø og brukarorganisasjonar med førespurnad om «best practice», dvs. dagsenter som skil seg positivt ut. På grunnlag av dette, tek eg no kontakt med dykk. Førespurnaden går via leiinga ved dagtilbodet, men i undersøkinga ønskjer eg å intervju ein av dei tilsette, gjerne vernepleiar, som har tilknytning til dagsentertilbod gjennom direkte tenesteyting og ikkje leiarfunksjon.

#### **Kva innebærer deltaking i studiet?**

Eg ønskjer å nytte meg av intervju. For dei som samtykker til å delta, tek eg kontakt pr. telefon og gjer avtale om å komme på besøk. Kor intervjuet skal finne stad, kan me avtale nærare. I utgangspunktet legg eg opp til eit intervju på om lag 1 time.

Under intervjuet vil eg nytte meg av lydopptakar, i tillegg til å gjere notatar. Opptaket vil bli transkribert i etterkant, dvs. at eg skriv ned alt som er blitt sagt under intervjuet. Dette råmaterialet, som blir anonymisert/koda, vil danne utgangspunkt for vidare analyse.

#### **Kva skjer med informasjonen?**

Alle opplysningar vil bli behandla konfidensielt. Det er berre eg, som student, som vil ha tilgang til desse. Bærbar eining er sikra med passord og vil, saman med notatar, utskrift og opptak, bli oppbevart innelåst. Namneliste og liste over arbeidsstad vil bli lagra adskilt frå øvrige data. Deltakarane vil ikkje kunne bli gjenkjent i publikasjon.

Prosjektet skal etter plana avsluttas innan utgangen av mai 2016. Opplysningane vil bli anonymisert og opptak vil bli sletta ved prosjektslutt.

**Frivillig deltaking**

Det er frivillig å delta i studiet, og du kan når som helst trekke ditt samtykke utan å oppgje nokon grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysningar om deg bli sletta.

Dersom du har spørsmål til studiet, ta kontakt med:

Sølvi Nygård, tlf. .... – student

Line Melbøe Sagen, tlf. .... – rettleiar

Dersom du ønskjer å delta, er det fint om du returnerer underskrevet samtykkeerklæring, med namn og telefonnummer i ferdig frankert konvolutt , til:  
Sølvi Nygård, (adresse).

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS.